



## INNKALLING TIL SOKNEMØTE

Etter vedtak i Sula Soknerådet vert med dette alle medlemmar av Den norske kyrkja på Sula kalla inn til soknemøte:

*Søndag 13. september 2020 etter gudstenesta i Langevåg kyrkje.*

### SAKLISTE:

|   |   |
|---|---|
| Sak nr. 1 Val av ordstyrar, referent og to personar til å .....         | 2 |
| signere protokoll.....  | 2 |
| Sak nr. 2 Godkjenning av innkalling.....                                | 3 |
| Sak nr. 3 Årsmelding for Sula sokn 2019 .....                           | 4 |
| Sak nr. 4 Ny lokal grunnordning for gudstenestefeiring i Sula sokn..... | 5 |

Sakspapira finnast i papirformat på kyrkjekontoret i 3. etg. i Sula rådhus, eller i kyrkjene.

Vel møtt!

Med helsing

**Sula sokneråd**

**Toril Petrine Solevåg**

*leiar*

**Jan Erik Hovland**

*Kyrkjeverje*



# Sak nr. 1

## Val av ordstyrar, referent og to personar til å signere protokoll

### Bakgrunn for saka

Før soknemøte kan handsame sakene må desse rollene veljast.

Soknerådsleiar er foreslått som ordstyrar, og kyrkjeverje som referent. To medlemmar blir utfordra i møtet.

Jan Erik Hovland  
saksførebuar

Vedtak i møte 13.09.2020:



## Sak nr. 2

# Godkjenning av innkalling

### **Lovgrunnlag**

Regler om formene for menighetsmøtets virksomhet

*§ 1. Menighetsmøtet innkalles av menighetsrådet med minst 14 dagers varsel. Møtet skal kunngjøres offentlig i kirken og i lokalavis eller menighetsbladet og for øvrig på den måten som menighetsrådet bestemmer. Kunngjøringen skal inneholde tid og sted for møtet og oversikt over hvilke saker som skal behandles.*

### **Bakgrunn for saka**

Soknemøtet har vore annonsert i gudstjenesten minst 14 dagar før, og annonsert i Sulaposten, nettsider og sosiale media.

Jan Erik Hovland  
saksførebuar

Vedtak i møte 13.09.2020:



## Sak nr. 3

# Årsmelding for Sula sokn 2019

### Innstilling

Soknemøtet tek årsmeldinga til vitande.

### Lovgrunnlag

Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellestråds virksomhet

#### § 9. Rapportering

1. *Menighetsrådet utarbeider innen 1. mars hvert år, en årsrapport over rådets virksomhet i siste kalenderår. Rapporten legges frem for årsmøtet/menighetsmøtet og oversendes kirkelig fellestråd, prosten, bispedømmerrådet og andre som menighetsrådet bestemmer.*

### Vedlegg

Revidert økonomidel.

### Bakgrunn for saka

Årsmeldinga har vore tilgjengeleg på kyrkjekontoret og nettsidene våre sidan starten av april. I dette møtet vert årsmeldinga presentert.

*Det presiserast at økonomidelen har blitt justert noko etter at den trykte utgåva var klar, etter merknadar frå revisor. Sjå vedlagt ark. (Elektronisk versjon er oppdatert)*

Jan Erik Hovland  
saksførebuar

Vedtak i møte 13.09.2020:



## Sak nr. 4

# Ny lokal grunnordning for gudstenestefeiring i Sula sokn.

### Innstilling

1. Sula sokn søker om dispensasjon til å halde fram med liturgien vi nyttar no.
2. Om slik dispensasjon ikkje blir gitt, vedtek Sula sokn å bruke Allmenn hovudserie 1.

### Bakgrunn for saka

Det var kyrkjemøtet som i 2011 vedtok Ordning for gudstenesta. No er denne ordninga evaluert og justert - og endringane vedtatt sentralt. Lokal grunnordning blir no justert i tråd med dette.

Hovudgrepet er at der kyrkjelydane er aktive deltakarar i gudstenesta, skal det gjennom den nye justerte ordninga bli endå rikare mogelegheiter til dette.

Ved inngangen til nytt kyrkjeår 1. søndag i advent 2020 skal kyrkjelydane ha gjort vedtak om ny lokal grunnordning. Ny grunnordning skal forankrast i soknemøte og i sokneråd.

Innstillinga frå meg som kantor og sokneprest Grytten er at vi prøvar å søke om dispensasjon til å halde fram med musikken vi nyttar no, og at om slik dispensasjon ikkje blir gitt går tilbake til den gamle Hovland-serien (Allmenn hovudserie 1).

Reint musikalsk synest eg at den rytmiske serien ikkje er veldig god, og at den har for lange ledd som gjer at liturgien vil ta for mykje plass. Den tredje serien er «ikkje heilt Sula», eg meiner den vil gjere seg betre i kyrkjelydar med meir katedralklang og tradisjonelt kyrkjekor enn her hjå oss.

Det går an å høyre melodiane til alle seriane på YouTube:

Allmenn hovudserie 1: <https://youtu.be/pCwCKztajmc>

Allmenn hovudserie 2: <https://youtu.be/1Zaua2QrTsE>

Allmenn hovudserie 3: <https://youtu.be/V5m4Ob6a88Q>

Om sokneråd og kyrkjelyd er samde i vår innstilling, vil søknaden om dispensasjon ta føre seg aspektet med at musikken no er godt innøvd her på Sula og at det er uheldig å kaste den på båten etter å både ha brukt tid på å velje ut og øve inn. I tillegg vil vi argumentere for stadeigne føresetnader i kyrkjelyden og reint musikalsk korleis til dømes dei fleirstemte satsane har gitt eit løft i gudstenester der forsangargruppe og kor har vore med.

Håvard Sveås  
kantor  
saksførebuar

### Sakshandsaming i sokneråd 25.08.2020:

Oddmund Måseide foreslo å bruke Allmenn hovudserie 1.

Røysting:

For: 1 røyst. Mot: 8 røyster. Forslaget falt.

9 røystande.

Vedtak i soknerådet er som innstillinga i saka.

Vedtak i møte 13.09.2020: